

Sprek 88-åring over til Hagetunet

16.07.2011



Gunnar på plass i Hagetunet

**Gunar Kjærland har passert 88, men er like sprek,
og han og kona Edith (83) har i desse dagar flytta inn i ny bustad.
Eigedomen deira i 20 år, Sjølyst på Feet, er lagt utfor sal på internett
og no er dei på plass i ein av tomannsbustadane i Hagetunet.
Det er den som ligg nærmast fylkesvegen.**

Gunnar er ikkje i tvil om at dei vil trivs.
Han sit på verandaen og sug inn kjende og kjære synsintrykk.
Men viktigast er det at dei to no bur på ei flate og slepp trappar.
Dei har vorte eit aukande problem for Edith, som har parkinson.

-Men litt vemodig er det kanskje?
- Nei, det er det ikkje. Vi bur jo framleis i vår barndoms dal som vi kjenner godt og her har vi mange gode
vener. Då vi spurde Hjørnevåg om å få komma til Hagetunet var det straks positivt svar og det er vi
svært takksame for. Vi har jo også vore på flyttefot svært mange gonger før og tapar ikkje energi med
enda ei flytting.

Nei, misjonær Gunnar har såvisst ikkje tapt energi. Han held fram med bilde prosjektet som er eit
imponerande livsverk og som har lærtmange av analfabetane i verda bibelhistoria. Akkurat no er
konfirmantane og omsetjing til nynorsk i fokus ved sida av omsetjing til nye språk. Nynorsk-satsinga er
eit produkt av svært positiv respons frå årets konfirmantar.

Underveis mot den nye bustaden opplevde Edith og Gunnar eit mellomspel om naustet sitt som måtte
vera ei påkjenning, Gunnar innrømmer at det var ein tung periode, men dei fekk stor støtte frå
bygdefolket og saka enda lykkeleg med at dei får nytte naustet som opprinneleg tenkt og omsøkt og at
dei får parkera på tomta ved Sjølyst.

-No har vi lagt den saka bak oss og er berre glade for utfallet, seier Gunnar og går over til å øse av sine
imponerande kunnskapar om internasjonale spørsmål.
Så var han da også i 35 år ute i teneste rundt om i verda for Norsk Luthersk Misjonsamband. 30 av åra
var i Afrika og dei har sett sine spor. Gunnar strekar under kor privilegerte vi er i vår del av verda
samanlikna med til dømes Etiopia som han kjenner best.
Ein stor del av hjarta hans er nok framleis hos Borana-nomadane.

-Men er det realistisk å håpa på at du skal få sjå dei igjen?

- Ein skal aldri slutta å håpa!

Eg håpar å få koma attende både til Etiopia og Israel.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



88-åringen har utsikt mot dei sentrale delane av bygda